

Forskrift om bandtvang, Hustadvika kommune, Møre og Romsdal

Forskrifta erstatter Forskrift FOR 2006-06-19-655 om hundehald, Fræna kommune, Møre og Romsdal

§ 1 *Utvida bandtvang.* I Hustadvika kommune skal hundar i tillegg til den ordinære perioden for bandtvang i perioden 1. april til 20. august, også haldast i band eller forsvarleg innestengt eller inngjerda i perioden 20. august til og med 20. september.

§ 2. *Offentleg stad.* På skuleplassar, barnehagar og kyrkjegardar er det forbode å la hund gå laus.

§ 3. *Unntak.* Unntak frå § 1 går fram av hundelova sin § 9 «Unntak frå sikringsreglane». Hundar i teneste og førarhundar under opplæring er etter hundelova unnateke krav om bandtvang.

Hustadvika kommune kan etter søknad og samtykke frå grunneigar gje løyve til treningsområde der hund kan trenast utan band.

§ 4. *Ekstraordinær bandtvang.* Mynde til å fastsetje vedtak om ekstraordinær bandtvang § 6 andre ledd bokstav f) er delegert til Landbrukssjefen i kommunen.

§ 5. *Særlege tilfelle.* Hustadvika kommune kan etter skriftleg søknad i særskilte tilfelle dispensere frå denne forskrifta § 1.

§ 6. *Ikraftsetjing.* Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Samstundes vert [forskrift 1996-02-02-158](#) om Hundehald, Fræna kommune, Møre og Romsdal, oppheva.

